

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:**  
**Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

**Kulturstrategi på Vestlandet**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet vedtek å starte arbeidet med ein tre årleg kulturstrategi for Vestlandet.
2. Framlegg til endeleg kulturstrategi vert lagt fram i møte i Vestlandsrådet våren 2011.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn for saka og forankring i ny strategi for Vestlandsrådet**

Det blir vist til tidlegare møte i Vestlandsrådet der kultur og kultursatsing har blitt etterlyst som tema, seinast i samband med rådmøte i Bergen i februar 2010. Her var særleg film og filmpolitikk på Vestlandet tema.

Det blir også vist til eit eige notat om kulturpolitikk der det går fram at den regionale kulturpolitikken har blitt redusert til fordel for større nasjonale satsingar til Osloregionen. I notatet blir det vist til at makt- og styringskonsentrasjon er lokalisert til Oslo, at det er her vi har den største brukarmassen, og at vi her følgjeleg finn både ei monaleg definisjonsmakt og institusjonsmasse. Notatet byggjer på nyare forsking om regional kulturpolitikk frå Agderforskning og skriv seg frå 2009.

Ein samla kulturstrategi for Vestlandet er elles i tråd med den nye plattforma til Vestlandsrådet der kultur er eit av seks satsingsområde

### **Målet med saka**

I denne saka gjer vi framlegg om at det blir starta opp arbeid med å etablere ein felles kulturstrategi for Vestlandet. Eit framlegg til endeleg kulturstrategi skal vere ferdig og lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet våren 2011. Det er avgjerande viktig at ein slik strategi blir gjort i tett samarbeid med fylkeskommunane. I tillegg må sentrale kulturaktørar på Vestlandet involverast i arbeidet.

Strategien skil mellom ein politisk del og ein meir handlingsretta del der Vestlandsrådet si rolle vert knytt opp mot den politiske delen av strategien. Fylkeskommunane vil for sin del ha ansvar for både eigen kulturpolitikk og å utarbeide handlingspunkt som byggjer på konkrete samarbeidstiltak fylkeskommunane i mellom. Det siste vil ikkje primært vere eit ansvar for Vestlandsrådet.

Det er naturleg at Vestlandsrådet tek ei koordinerande rolle for arbeidet.

### **Føresetnader**

I saka gjer vi framlegg om at ein slik kulturstrategi på Vestlandet må kvile på nokre grunnleggjande føresetnader:

- Strategien må etablerast i nært partnarskap med institusjonar, kommunar, organisasjonar og relevante kulturaktørar, og sikre eigarskap og deltaking frå fylkeskommunane sine kulturutval.
- Kulturstrategien må ta utgangspunkt i omgrepet kultur forstått som sosialt og institusjonelt felt og økonomisk sektor (dvs grunnlag for kulturpolitikk) og som både inkluderer kultur som eigenverdi, kultur som meirverdi og kultur som næring.
- Fokus vil vere Vestlandet sitt rike kulturmangfold, sine tradisjonar, og sin institusjonelle styrke gjennom dei mange kulturinstitusjonane ein har i regionen
- Ein kulturstrategi for Vestlandet må vere nasjonalt og internasjonalt retta og vise at Vestlandet er ein genuin, kreativ og nyskapande region i Europa.
- Ved å legge fram ein kulturstrategi for Vestlandet, vil ein samstundes vere med å demme opp sentraliseringa i kulturpolitikken.

## Mål og visjon for ein kulturstrategi for Vestlandet

Skal kultur spele ei aktiv rolle i norsk regionalpolitikk, må fylkeskommunane i langt større grad sjøve få hove til å spele hovudrolla som regional utviklingsaktør på kulturområdet. Slik er det ikkje i dag. Norsk kulturpolitikk har meir og meir blitt sentralisert. Dette må endrast.

Vestlandet må sette mål av seg å vere ein aktiv og dynamisk kulturregion i Europa. Derfor må eit overordna mål for ein eigen kulturstrategi for Vestlandet samstundes vere å sette regional kulturpolitikk på dagsorden og skape ein debatt om Vestlandet og kulturskapninga i denne delen av Europa.

***Den overordna visjonen må vere at Vestlandet skal vere ein levande, framtidsretta og dynamisk kulturregion der tradisjon, mangfald, nyskapning og verdiskaping går hand i hand, og der kultur er tilgjengeleg for alle.***

***Samstundes er kraft-, ressurs- og industrilandselen Vestlandet vaksen fram i ein dynamikk med brot og endringsprosessar. Derfor må ein kulturstrategi for Vestlandet òg reflektere kultur som ei endringskraft på mange samfunnsområde, ikkje berre som eit overflatefenomen.***

## Regionalt partnarskap

Kultur og kulturpolitikk i ein Vestlandsrådsamanheng handlar om politikk, sikring av gode vilkår , tilrettelegging og partnarskap. Vestlandsrådet skal vere med å sikre at det er grobotn og best mogeleg grunnlag for at kreative og dyktige kulturaktørar kan utvikle og teste ut nye kulturporsjekt som elles ikkje ville vere mogeleg å få til utan tett samarbeid over kommune- og fylkesgrenser.

Ein kulturstrategi for Vestlandet vil derfor ikkje vere verken mogeleg eller ønskjeleg utan samarbeid med viktige og relevante partnarar innan kultursektoren. Med ein nærmast eksplosiv kultursektor med mange ulike aktørar – alt frå produsentar, arrangørar, konsumentar, organisasjonar, institusjonar, - vil det vere ei utfordring å involvere på ein slik måte at det samstundes vert handterleg. Derfor er det både av praktiske- men òg strategiske grunnar - naudsynt å avgrense strategien i første omgang til nokre utvalde område eller tema.

Vestlandsrådet forventar vidare at staten er positiv til å drive forsøks- og utviklingsarbeid i eit samarbeid med Vestlandsfylka gjennom partnarskap og nettverk der ein større del av statlege virkemiddel blir lagt inn i ein felles partnarskapsavtale med dei fire vestlandsfylka. Dette set samstundes krav til dialog med både Kulturdepartement, Kommunal- og regionaldepartement og Miljøverndepartement for å utvikle eit grunnlag for parterskap der kultur i større grad kan framstå både med eigenverdi, meirverdi og verdiskaping med fylkeskommunane som sentral utviklingsaktør.

Det er derfor eit ønskje å styrke forsøks- og utviklingsarbeidet i forlenginga av regionreforma der staten og dei fire vestlandsfylka samarbeider om å få på plass ein felles plattform for eit treåring forsøk med kultursamarbeid /partnarskap.

## Framlegg til tema – trong for avgrensing

Vi vil allereie her gjere framlegg om at det er naudsynt å avgrense ein kulturstrategi til nokre tema – i alle høve i ein oppstart (tre første åra). På det viset blir strategien meir konkret og handterleg. Ein strategi der alt er likevel viktig, vert lite strategisk.

I det følgjande presenterer vi framlegg til fleire moglege tema. Val av tema bør likevel ikkje vere eit endeleg framlegg. Vi må vere opne for at drøftingar med partnarskapen og innspel frå fylkeskommunane vil kunne resultere i andre tema enn det som er gjort framlegg om her.

Som ein vil sjå i skjemaet under, har vi som tidlegare nemnt skilt mellom politikk og handling. Fordi handlingsdelen primært byggjer på samarbeidstiltak mellom fylkeskommunane, må vi samstundes vere opne for at fylkeskommunane kan tenkje seg andre tema enn det vi her skisserer. Kravet må likevel vere at endeleg val av tema må samsvara mellom Vestlandsrådet og fylkeskommunane sitt ansvar.

Vi har sett opp eit framlegg til modell for å syne korleis ein kulturstrategi for Vestlandet reint skjematiske kan sjå ut.

Val av tematiske utfordringar	Kva er dei overordna politiske utfordringane her? Ansvar= Vestlandsrådet og fylkeskommunane	Mogeleg samarbeidstiltak – program. Ansvaret= Fylkeskommunane
Film på Vestlandet		
Friluftsliv og folkehelse		
Samtidskunst		
Kystkultur		
Kulturarv		
Musikk- og scenekunst		
Språk		

### Organisering og ansvar

Ei viktig oppgåve for Vestlandsrådet i arbeidet med ein kulturstrategi for Vestlandsrådet vil vere å ta rolla som initiativtakar og koordinator.

Det er naturleg at dei fire fylkeskultursjefane/-direktøren får ansvaret for å koordinere arbeidet og sikre framdrift. Dette er igjen med på å sikre at vi får eit saumlaust forhold mellom Vestlandsrådet si strategiske og politiske rolle og fylkeskommunen si meir handlingsretta satsing.

Frå Vestlandsrådet kan det vere naturleg at AU i første omgang vert del av styringsgruppa for strategien. For å sikre ei best mogeleg forankring og eigarskap frå fylkeskommunane, ser fylkesrådmannen det likevel om tenleg at hovudutvalsleiarane frå dei kulturutvala i dei fire fylkeskommunane deltek i ei referansegruppe.

Konkret ser ein vidare føre seg at det vert arrangert eit dialog- eller arbeidsseminar tidleg 2011 der relevante kulturaktørar vert inviterte for å drøfte framlegget om ein strategi og kome med framlegg om ein felles avtale om korleis samarbeid om ei framtidig kultursatsing skal vere.

### Økonomi og finansiering

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at dei tidlegare løyvde kr 100.000 som Vestlandsrådet vedtok skulle gå til å greie ut endringar og trendar for regional kulturarbeid og som ikkje har blitt gjennomført, vert nytta for å sikre at det vert gjort ei best mogeleg utgreiing av ein mogeleg kulturstrategi for Vestlandet inkludert invitasjon til eit dialogseminar med relevante kulturaktørar og forskingsinstitusjonar. Fylkesrådmannen vil vurdere om det er trøng for å kjøpe inn noko kompetanse for å gjennomføre denne prosessen.

Eit endeleg sak om ein samla kulturstrategi for Vestlandet til våren 2011, må òg inkludere eit framlegg til budsjett som på same måte som over må tuftast på eit partnarskap.

### Tidsplan og milepærar

Nr.	Milepæl	Forventa ferdig	Rapportering til styringsgruppa i prosjektet
1	Utarbeide sak til Vestlandsrådet	September	
2	Vedtak i Vestlandsrådet	22 oktober 2010	
3	Invitasjon til fylkeskommunane om deltaking i ein felles kulturstrategi for Vestlandet	November 2010	
4	Handsaming i fylkeskommunane	November 2010	
5	Oppstartsmøte med referansegruppa	Desember 2010	
6	Gjenomføring av eit dialogseminar organisert som fleire tematiske drøftingar med nøkkelpersonar frå partnarskapen og utvalde forskingsmiljø på Vestlandet	Januar / februar 2011	
7	1 utkast til strategi	Mars 2011	
8	Siste møte i referansegruppa	April 2011	
9	Avklaring i AU – styringsgruppa	April 2010	
10	Siste utkast til strategirapport	Mai 2011	
11	Endeleg vedtak i Vestlandsrådet	Juni 2011	
12	Iverksetting	August 2010	
13	Halveges evaluering	Haust 2012	
14	Avslutting og evaluering med omsyn til eventuell vidareing	Vår 2014	